



## Notat

Dato: 09.06.2016  
Arkivsak: 2016/4633-3  
Saksbehandlar: josfare

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Noregs Forskningsråd si regionale satsing for forskingsbasert innovasjon 2017-2019

#### Regional satsing 2017-2019

VRI-programmet (Virkemiddel for Regional FoU og Innovasjon) er inne i sitt tiande og siste år i 2016. Forskningsrådet skal no fordele midlar til vidare mobilisering av bedrifter til forskingsbasert innovasjon for åra 2017-2019. Denne regionale satsinga skal ta med seg dei tradisjonelle verkemidla frå VRI-programmet; kompetansemekling, forprosjekt og mobilitet mellom forskning og næringsliv. Målet med satsinga er å auke verdiskapinga i næringslivet gjennom forskingsbasert innovasjon, og styrke samspelet mellom FoU-miljø, næringslivet, Forskningsrådet og fylkeskommunane. Målgruppa er bedrifter med lite forskning- og innovasjonserfaring. Det vil verte lagt enno større merksemd på å mobilisere bedrifter til forskning, enn det som har vore tilfellet i VRI, der også systembygging har vore ein viktig del av arbeidet.

Fylkeskommunane skal vere prosjekteigar og skal forhandle fram innhaldet i prosjekta på vegne av konsortiet i fylket/regionen. Det skal ikkje utarbeidast ein tradisjonell søknad, men fylkeskommunane skal verte einige med Forskningsrådet om innhaldet i prosjekta gjennom dialog (Sjå vedlagt satsingsskildring frå Forskningsrådet).

#### Vestlandssamarbeid

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) finansierer den regionale satsinga og Hordaland fylkeskommune har forstått KMD slik at det er ønskjeleg å sjå satsinga i samanheng med den komande regionreforma. Tidsperioden gjer verkemidlet særskild relevant for å prøve ut samarbeidsformer på tvers av fylkesgrensene. For å freiste å knyte satsinga enno tettare opp mot Regionale forskingsfond er det òg relevant å sjå den regionale satsinga i samanheng med fondsregionane.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å gå i dialog med nabofylka Rogaland og Sogn og Fjordane, for å skissere moglege alternativ for å søkje om eit felles prosjekt for Vestlandet. Om ikkje dette lar seg gjere innan den gjevne tidsfristen, vil ein sjå på moglege tema ein kan rette felles innsats om på tvers av fylkesgrensene. Den regionale satsinga sikrar òg større fleksibilitet enn det VRI har hatt, slik at eit samarbeid på Vestlandet kan utviklast gjennom dei tre åra, utan at det er formelt på plass frå 1. januar 2017.

#### Finansiering

Forskningsrådet budsjetterer med ei flat tildeling på kr 2 000 000 til kvar fylkeskommune. Tildelinga skal ikkje overstige 50 prosent av dei totale prosjektkostnadane, og det er krav om at fylkeskommunen går inn med kr 1 000 000 sjølv, medan den siste fjerdedelen kan bestå av eigeninnsats frå aktørar i prosjektet eller

næringslivet sjølve. Forskningsrådet vil ikkje tillate at meir enn om lag 7 prosent av midlane går til administrasjon, men ønskjer at så stor del av midlane som råd skal kome næringslivet til gode.

### **Utarbeiding og framdrift**

Hordaland fylkeskommune vil ta med seg følgjande aktørar for å utarbeide prosjektet for Hordaland:  
Innovasjon Noreg  
Noregs Forskningsråd  
Høgskolen i Bergen (representerer FoU-miljøa i fylket)  
Regionalt forskingsfond Vestlandet

Det vil òg vurderast å trekke inn kompetansen til klyngene og næringshagane for å få innspel frå, og forankring i, næringslivet i fylket.

Sjølv om den nye satsinga ikkje skal ha regionale styringsgrupper er det frå Hordaland fylkeskommune si side ønskeleg å nytte Regionalt næringsforum som partner i utviklinga av prosjektet, for å sikre så brei forankring som mogleg. Også regionalt FoU-forum, som vert leia av sekretariatsleiar i Regionalt Forskningsfond vil vere ein viktig sparringspartner i utviklinga.

Første utkast av prosjektet skal vere klart 1. september, og endeleg prosjektskisse skal godkjennast av Noregs Forskningsråd 1. november.

### **Strategiske val**

Det er nokre punkt som treng særskilt avklaring for at prosjektet skal verte nyttig for bedriftene i fylket.

*Innsatsområde:* Det vil vere naturleg å legge seg tettare opp mot innsatsområda i RFF Vestlandet enn det som har vore i VRI, for å få betre synergjar med dette verkemidlet. Det må likevel drøftast om det er særskilte område i Hordaland som bør prioriterast.

*Kompetansemeklarmiljø:* I VRI har Hordaland ein berre nytta seg av FoU-miljø som kompetansemeklarar. Det må vurderast om ein framover òg skal nytte andre aktørar som kompetansemeklarar for å kunne tilby bedriftene breiare kompetanse. Til dømes kan ein tenke seg å nytte ressursar frå klyngene, næringshagar eller nettverksorganisasjonar til dette oppdraget. Private aktørar kan òg vurderast. Å få dei rette miljøa, og dei rette personane til oppdraget vert vurdert som det viktigaste for at satsinga skal verte vellukka.

*Verkemiddel:* Det vert viktig å evaluere nytten av verkemidla i VRI, for å sjå kva som er dei viktigaste verkemidla å prioritere i den Regionale satsinga.

Framlegg til prosjekt frå Hordaland vert presentert for Fylkesutvalet i oktober.

I samband me denne saka vil det òg verte lagt fram ei orienteringssak som oppsummerer resultat og erfaringar frå dei 10 åra VRI programmet har vore aktivt i Hordaland.

### **Vedlegg**

1 Satsingsskildring 2017-2019, Noregs Forskningsråd